

Trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2016-2020

Temaplan



Bømlo kommune ein trafikksikker kommune

Høringsdokument av 02.11.15



Innhald

1	Forord.....	2
2	Innleiing.....	3
2.1	Kort presentasjon av kommunen	4
2.2	Visjon og målsetting	5
2.3	Organisering av trafikksikringsarbeidet i Bømlo kommune.....	6
2.4	SAMARBEIDSPARTAR.....	7
3	FORANKRING OG ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGLEIKSARBEIDET	8
3.1	NASJONAL TRANSPORTPLAN	8
3.2	NASJONAL SYKKEL- OG GÅSTRATEGI 2010-2019.....	9
3.3	NASJONAL TILTAKSPLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK PÅ VEG 2014-2017	9
3.4	HORDALAND FYLKESKOMMUNE, HANDLINGSPLAN FOLKEHELSEARBEIDET 2014-2025.....	10
3.5	HORDALAND FYLKES HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING 2014-2017	10
3.6	Hordaland fylkeskommune sin regionale Transportplan 2013-2024	10
4	Ulykkesituasjonen 2010-2015	11
4.2	Trafikkulykker og samfunnsøkonomiske kostnader	19
5	TRAFIKKSIKKER KOMMUNE	19
6	Mål og strategi for trafikktryggleiksarbeidet i Bømlo kommune	23
6.1	Målsetting.....	23
6.2	Strategi.....	23
7	VEGSYSTEM, VEGEIGAR OG UTFORDRINGAR I BØMLO KOMMUNE	23
8	Tiltak	24
8.1	Bømlo som trafiksikker kommune	24
8.1.1	Bømlo kommune og barnehagane	24
8.1.2	Bømlo kommune sin rolle som skuleigar	24
8.1.3	Bømlo kommune som ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivsel	25
8.1.4	Bømlo kommune som veigeigar	25
8.1.5	Bømlo kommune som arbeidsgjevar	26
8.2.1	Kompetanseheving.....	26
9	Økonomi	27
10	Evaluering.....	27
11	Del 2 Haldningsskapande- og trafikantretta tiltak.....	29
11.1	Forord Del 2.....	30
12	Fysiske tiltak.....	34
12.1	Innhaldsliste tabellar fysiske tiltak.....	35
12.2	Forord Del 3.....	36



1 Forord

Side | 2

Trafikk er eit omgrep med mangfald. I dagens samfunn omfattar dette deler av vår daglege aktivitet for dei aller fleste av våre innbyggjarar. Difor er tryggleik i trafikken vesentleg for oss alle. I vår tid er «null-visjonen», ingen drepne eller skadde i trafikken, nærast sjølvstakt når me arbeider med trafikksikring. Likevel syner tala at 152 menneske omkom i trafikkulukker i 2014 i Norge. Eit alt for høgt tal. Samstundes er det viktig å ha med seg det historiske perspektivet:

I 1970 miste 560 menneske livet i trafikken i Noreg, det verste året på norske vegar nokosinne.

I åra som følgde varierte talet, men kom aldri så høgt som i 1970. Over tid er dessutan bildet tydeleg: Stadig færre mistar livet i trafikken. Det som skjedde på 70 talet var ei systemendring. Frå å tenke at den einskilde bilisten må syta for å unngå ulukker, innsåg ein at menneske gjer feil og at ein må arbeide for å unngå situasjonane der feil oppstår.

Ein måtte tenkje nytt om korleis trafikken vert organisert; mjuke trafikantar må skiljast frå harde, betre vegløyser, betre føraropplæring, meir fokus på haldingsarbeid, meir overvaking av trafikken og strenge reaksjonar på lovbrøt.

Det faktum at det i 1970 var i underkant av 750 000 bilar i Noreg, mens talet i dag er det tredobbelte seier noko om effekten av systemendringa. Konklusjonen er openbar: det nyttar å arbeide med trafikksikkerheit.

I dette perspektivet er den kommunal trafikksikringsplanen eit svært viktig bidrag. Eit strukturert samarbeid mellom fagfolk, politikarar og innbyggjarar. Systematisk og kunnskapsbasert arbeid er avgjerande for at me skal lukkast i vårt arbeid mot å nå «null-visjonen».

Bømlo kommune har gjort kommunestyrevedtak med mål om å verta sertifisert som ein trafikksikker kommune. Eg føler meg trygg på at ein gjennom eit systematisk og grundig arbeid i trafikksikringsplanen vil vere i stand til å nå eit slikt mål.

Odd Harald Hovland

Ordfører



2 Innleiing

Det er gjort vedtak i Bømlo kommune sitt Utval for areal og samferdsel 21.01.15 og i kommunestyret 16.02.15, at trafikksikringsplanen av 2011-2015 skal fornyast.

Førre plan, 2011-2015 vart godkjent i kommunestyret 19.12.2011 og den nye planen som no er utarbeida, skal gjelda frå 2016-2020. Planen for 2016-2020 er den fjerde i rekka og den skal vera ein revisjon av planen frå 2011 med oppfølging av dei tiltaka som ikkje vart realisert i førre plan periode. Det er kome inn mange nye innspel til planen som er handsama av prosjektgruppa. Diverre vart ikkje alle oppførte tiltak frå førre plan utført men ein del er vidareført i den nye planen og.

Denne nye ts-planen vert ein temaplan som vil vera meir konkret i forhold til målsettingar for trafikksikringsarbeidet. Mellom Hordaland Fylkeskommune og Trygg Trafikk er det utarbeida ein vegleiar som legg føringar for korleis kommunane skal fylgja opp ts-planen. Dette er forankra i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet og vidare i Hordaland fylkeskommune sitt handlingsprogram 2014-2017.

Konseptet «TRAFIKKSIKKER KOMMUNE» er eit nytt omgrep for trafikksikringsarbeid. Trafikksikker kommune tyder at ein skal arbeida med trafikktryggleiken på ein annan måte enn tidlegare. Tidlegare ts-planar har i hovudsak handla om fysiske tiltak og har mangla heilskapleg trafikktryggleikstenking. For å ivareta heilskapleg tenking om trafikktryggleiksarbeidet, har Trygg Trafikk utarbeida kriterie og sjekklister som er meint å vera eit verktøy for å kvalitetssikra det kommunale trafikksikringsarbeidet. Kommune har ein svært viktig rolle i trafikksikringsarbeidet og rår over mange virkemiddel innan sitt myndigheitsområde.

Kommunen har også ansvar gjennom Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova), er kommunane pålagt å arbeida førebyggjande mot faktorar som kan påverka innbygarane negativt.

Bømlo kommune har som mål og verta sertifisert som «TRAFIKKSIKKER KOMMUNE». Dette inneber at kommunen skal arbeida meir systematisk med trafikktryggleiken. Dersom kommunen vert sertifisert som trafikksikker kommune, vil det og stimulera til å få meir fylkeskommunale midlar.

Denne nye planen består av 3 deler, ein hovuddel, *del 2* er haldningsskapande- og trafikantretta tiltak medan *del 3* er oversikt fysiske tiltak.

Prosjektorganisasjon trafikksikringsplan 2016-2020:

Styringsgruppa:

Geir Aga-Rådmann

Bjørn Håvard Bjørklund-Kommunalsjef OKI

Toralf Meling-Teknisk sjef

Vardan Vardanyan-Leiar teknisk Drift

Prosjektgruppa:

Nils Kåre Nysæter- Prosjektleiar

Trond Atle Sjøvold- Politiet

John Magne Sørensen- Nobina

Liv Marit Notland- Kultur og oppvekst

Dag Foseid-Statens vegvesen

Anne Beth Njærheim- Folkehelse-
koordinator

Svale Naterstad- TS Tenester LTD

2.1 Kort presentasjon av kommunen

Bømlo kommune er ein øykommune vest i Sunnhordland med eit totalareal på 247 km².

Kommunen har ein småkupert topografi med Siggjo som det høgaste punktet på 474 moh.

Trekantsambandet vart opna våren 2001, og har gjeve Bømlo brusamband med Sveio/fastlandet og Stord. Frå Stord er det ferje til Bergen. Det er eit godt tilbod for kollektivtransport frå Bømlo til Bergen og Haugesund/Stavanger (buss og snøggått).

Etter at Trekantsambandet vart opna i 2001, har Bømlo kommune starta utbygging av vegnettet med «Bømlopakken».

Bømlopakken har fått utført ei heller storstilt utbygging av vegnettet og utbygginga går framleis for fullt. For tida er FV 542 mellom Siggjarvågen - Stokkabekken - Svortland ein av dei største parsellane.

Trafikken på Bømlo er samansett av varetransport til og frå bedrifter, pendlartrafikk og internttransport. Internttransport utgjer hovudmengda av trafikken på Bømlo.

Etter at forvaltningsreforma vart gjennomført 01.01. 2010, er det ikkje lenger riksvegar på Bømlo.

Hovudvegnettet på Bømlo omfattar fylkesveg 542 og 541. Kommunevegane er i hovudsak tilkomstvegar til hovudvegnettet.

Utvikling i folketal i Bømlo kommune frå 2011:

Pr. 01.01.2011	11421	Auke i % 2,87
Pr. 01.01.2015	11749	

Kjelde: SSB

Trafikkutvikling (ÅDT) fylkesvegar i Bømlo kommune:

Teljepunkt	År 2010	År 2014	Endring i prosent
Svortland Fv 542	7500	8000	+6,7
Mæland Fv 23	1700	1700	0
Lykling Fv 541	1000	1100	+10

Kjelde: NVDB

Oversikt endring kommunalvegar og fylkesvegar i Bømlo kommune:

År	Riksveg	Fylkesveg	Kommuneveg	G/s-veg kommune	G/s- veg fylke
2000	63,3 km	53,3 km	85,4 km		
2010 (pr 01.jan)		124,7 km	110,0 km		15,6 km
2015 (pr 01.jan)		124,2 km	129,2 km	18,5 km	25,2 km

Kjelde: NVDB

Oversikt utvikling tal kjøretøy i Bømlo kommune

Kjøretøy-gruppe	Tal kjøretøy i Bømlo pr. 31.12.1999	Tal kjøretøy i Bømlo pr. 31.12.2010	Tal kjøretøy i Bømlo pr 31.12.2014	Endring i % frå 2010 til 2014
Personbil	3856	5083	5674	+ 11,6 %
Buss	83	17	12*	- 29,4 %
Kombi-bil	268	110	51	-53,6 %
Varebil	263	757	954	+ 26,0 %
Lastebil	93	66	79	+ 19,7 %
Traktor	268	339	388	+ 14,5 %
Moped	320	576	627	+ 8,8 %
Motorsykkkel	184	354	374	+ 5,6 %

Kjelde: Svv,


*Er bussar som er stasjonert på Bømlo

2.2 Visjon og målsetting

Nullvisjonen er grunnpilaren i alt trafikktryggleiksarbeid i Norge. Med ein ts-plan kan ein medverka til å nå måla i nullvisjonen. Måla i Nullvisjonen er at innan 2020 skal ein redusera talet på hardt skada og drepne med 1/3.

Nullvisjonen

- En visjon om null drepte og null hardt skadde i trafikken
- Visjonen er basert på tre grunnplilarer
 - Etikk
 - Vitenskap
 - Ansvar



Nullvisjonen er ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skada. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i forhold til kvarandre. Trafikantane skal overhalda spelereglane i trafikken og dei skal vere aktsame. Styresmaktene skal sørge for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skada. Eit trafikksikringsarbeid i samsvar med nullvisjonen, inneber å prioritera arbeid for å redusera dei alvorlegaste ulykkene. Nullvisjonen ligg til grunn for trafikksikringsarbeid både nasjonalt, regionalt og lokalt, og er grunnlaget for definering av mål, satsingsområde og tiltak i denne planen.

Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebygga trafikkulykker. Som veigeigar, skuleigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for innbyggerane si helse og trivsel, har kommunen eit stort ansvar for å førebygga ulykker. Det er utarbeida kriterie for korleis ein kommune kan verta sertifiserte som trafikksikker kommune. Det er også krav til at private barnehagar skal verta sertifisert. Det er utarbeida fleire sjekklister for at kommunane skal ha ei meir proaktiv oppfylging av ts-planen.

Uttrykket «trafikktryggleik vert ofte brukt som eit mål på kor trygt det er å ferdast i trafikken.

Kva ordet «trygt» tyder for den einskilde brukar, er avhengig av mange faktorar. I denne planen ser vi på kva innbyggerane ser på som utrygt i trafikken. Bømlo kommune vil på denne måten gjera kommunen mest mogeleg trafikksikker for sine innbyggerar.

2.3 Organisering av trafikksikringsarbeidet i Bømlo kommune

For trafikksikker kommune gjeld fylgjande kriterie:

- ✓ *Kommunen har forankra ansvaret for trafikksikringsarbeidet hjå ordføraren og rådmannen. Delansvaret skal ligga hjå den enkelte einingsleiar.*
- ✓ *Kommunen har eit utval med ansvar for trafikktryggleiken.*
- ✓ *Kommunen har innarbeida trafikktryggleiken i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttenester.*
- ✓ *Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.*
- ✓ *Kommunen har ein trafikksikringsplan som er forankra i fylket sin trafikksikringsplan. Planen har rullering- og rapporteringsrutinar. Planen skal ivareta både haldningsarbeidet/trafikkretta- og fysiske tiltak.*
- ✓ *Kommunen har innarbeida kriterie/sjekklister for kommunens sektor (HR, barnehage, skule, kultur og veg).*
- ✓ *Kommunen påverkar lag og foreiningar til å innarbeida reglar for trafikktryggleiken i si verksemd.*



- Ei godkjenningsordning som kvalitetssikrar kommunen sitt trafikksikringsarbeid.
- Eit sett av kriterie for kommunen og dei ulike etatar. Kriterie er utarbeida med utgangspunkt i dei lover og reglar som gjeld for kommunen.
- Enkle sjekklister for dei ulike etatar som vil vere eit godt verktøy for å kvalitetssikra arbeidet.
- Verktøy til støtte for kommunen
 - Mal for kommunen sin trafikksikringsplan.
 - Vegleiar i kommunalt trafikktryggleiksarbeid.
 - Sjekkliste for barnehagar og skular.

2.4 SAMARBEIDSPARTAR



Statens vegvesen

Statens vegvesen utarbeidar retningslinjer og føreslår utbygging, drift/vedlikehald og forvaltning av fylkesvegnettet i fylket. Statens vegvesen utgreier behov for tiltak på fylkesvegnettet, forslag til planar og budsjett. Dei skal sjå til at vedtekne planar og budsjett vert gjennomført som bestemt.

Statens vegvesen har betydeleg veg- og trafikkfagleg kompetanse og forvaltar dei fylkeskommunale vegane på vegne av fylkeskommunen. Statens vegvesen har også ansvar for å utvikla ny kunnskap innan fagfeltet og bidra til at utdanningsinstitusjonane sikrar fagleg kvalitet og rekruttering.

Statens vegvesen har i tillegg ansvar for å utarbeida retningslinjer for vegtrafikk, trafikantopplæring, kjøretøy og korleis dei arbeidar i forhold til trafikantar, trafikkskular og verkstader. Statens vegvesen skal arbeida for eit trygt, miljøretta og effektivt transportsystem i Norge.

Nasjonal transportplan (NTP) presenterar regjeringa sin transportpolitikk og saman med årlege statsbudsjett er dei retningsgjevande for innsatsen på riksvegane og på trafikant- og kjøretøyområdet i planperioden. Dei meir detaljerte prioriteringane er fastlagt gjennom eit eige handlingsprogram. Gjeldande plan er for perioden 2014-2023. Denne planen vert revidert kvart fjerde år, men gjeld for ein ti årsperiode.



Trygg Trafikk er ein uavhengig landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggleiks-arbeidet i Norge. Organisasjonen fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter som har ansvar for trafikktryggleik.

Trygg Trafikk bygger nettverk med å vera ein medlemsorganisasjon, skapa møteplassar, arrangera ein årleg nasjonal konferanse og samarbeida med andre om trafikktryggleikspolitiske saker.

Trygg Trafikk arbeidar for å oppnå best mogeleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og er pådrivar i trafikktryggleiksarbeidet både lokalt og nasjonalt. Trygg Trafikk har eit vedtektsfesta ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikulykker.

Trygg Trafikk er eit kompetansesenter og dei er leiande i miljøet for trafikkopplæring av born og unge i Norge.



Politiets overordna mål med sitt trafikktryggleiksarbeid er å redusera talet på trafikkulykker for drepne og hardt skada. Politiets teneste skal særleg innrettast mot førebyggjande tiltak og virke, kontrollar og etterforsking av trafikkulykker samt i-retteføring av trafikklovbrot.

Politiet jobbar kunnskapsstyrt og prioriterer sin innsats på dei mest ulykkesutsette vegstrekningane/-stader med fartskontrollar, ruskontrollar, kontroll bruk av verneutstyr, førebygga og stansa aggressiv/farleg åtferd i trafikken og anna kriminell aktivitet langs veg.



ATL er autoriserte trafikkulans landssamanslutning. Trafikkulane er tillagt ei svært viktig rolle og skal gje framtidige sjåførar grundig opplæring i trafikktryggleik og åtferd i trafikken. Statens vegvesen har oversikt over dei godkjente trafikkulane og ei sjekklister for korleis ein vel rett trafikkulane.



Fylkeskommunen har etter § 40 i veglova blant anna ansvar for å fremja trafikktryggleiken. Fylkeskommunen har som vegeigar ansvar for fylkesvegnettet. Frå 2010 omfattar dette også store delar av det tidlegare riksvegnettet.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikken i fylket, inkludert skuleskyss og er regionalt planmynde. Fylkeskommunen har og ansvar for planlegging etter plan- og bygningslova.

Likeins har fylkeskommunen ein rolle som regional utviklingsaktør. Dette inneber å sjå samheng mellom dei ulike sektorane, skapa samheng mellom aktørane og utvikla aktørane og strategiar for å fremja ei ønska samfunnsutvikling i eigen region.

3 FORANKRING OG ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGLIKSARBEIDET

3.1 NASJONAL TRANSPORTPLAN

Regjeringa si målsetting for planperioden er å redusera tall drepne og hardt skada med minst ein tredel i 2020. Målet er å få fleire til å gå og sykla. Det er då viktig å fylgja opp med tiltak som er retta mot desse trafikantane. Til dømes kan det vera å sikra betre kryssingspunkt for fotgjengarar og sikring av eksisterande gangfelt, betre universell utforming av gang-/sykkel areal. Vidare kan det vera å sikra kryssingspunkt med planfrie løysingar osv.

3.2 NASJONAL SYKKEL- OG GÅSTRATEGI 2010-2019

Sykkelstrategien har som hovudmål: Sykkelfrafikken i Norge skal utgjera minst 8 prosent av alle reiser i 2023.

1. Fremja sykkel som transportmiddel.
2. Betre framkomst og trafikktryggleik for syklistar.
3. 80 prosent av born og unge skal gå eller sykla til skulen.


Side | 9

Dette inneber at vidare planar for utbygging av nye anlegg for gåande og syklande, må planleggast slik at det vert attraktivt å gå eller sykla.

3.3 NASJONAL TILTAKSPLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK PÅ VEG 2014-2017

Nasjonal tiltaksplan er bygd opp omkring ein strategi samansett av fire nivå:

1. Nullvisjonen
2. Etappemål.
3. Tilstandsmål.
4. Tiltak, haldningsskapande og fysiske tiltak



Målkurven viser regjeringa sin ambisjon for kor raskt vi skal nærma oss måla i nullvisjonen. Etappemåla er ambisiøse og føreset ein målretta innsats frå alle aktørane i trafikktryggleiksarbeidet

Utvikling i tall drepne og hardt skada i Norge-registrert situasjon og mål for utvikling fram til 2024

Konsekvensen av dette vert å vidareføra det fylkeskommunale og kommunale trafikktryggleiksarbeidet og forsterka dette mot dei nasjonale tilstandsmåla.



3.4 HORDALAND FYLKESKOMMUNE, HANDLINGSPLAN FOLKEHELSEARBEIDET 2014-2025

Hordaland fylke har regional plan for folkehelse og som er forankra i Regional planstrategi. Planen er retningsgjevande for kommunane og fylkeskommune og statlege organ sitt folkehelsearbeid i perioden. Folkehelseplanen skal leggest til grunn for verksemd til regionale organ og kommunal planlegging. Dette inneber at kommunane må arbeida aktiv for folkehelsa og ein veit at trafikkulykker er ein av dei største helsetruslane.

3.5 HORDALAND FYLKES HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING 2014-2017

Kort utdrag av tiltak og delmål i fylket sin handlingsplan:

Vegtiltak:

- Tiltak retta mot møteulykker
- Tiltak retta mot utforkjøringsulykker
- Tiltak retta mot Mc ulykker
- Tiltak retta mot fotgjengar- og sykkelulykker
- Betre trafikantåtferd- fokus på førebyggjande arbeid

Delmål	Strategi
4.6: Trafikksikring ■ RTP legg nullvisjonen til grunn. I tillegg skal ein vidareføra måla nedfelt i Handlingsplan for trafikksikring, Nasjonal Transportplan.	■ Handlingsplan for trafikksikring 2010-2013 skal vidareførast, og rullerast for perioden 2014-2017. ■ Ulukkesbarometeret og kommunale trafikksikringsplanar må brukast aktivt for å prioritere fysiske og haldningsskapande tiltak. Møteulukker og utforkjøringsulukker på E16 og E39 må ha spesiell merksemd. ■ Samordningsarbeidet for haldningsskapande tiltak retta mot trafikantar må vidareførast og styrkjast gjennom arbeidet i fylkestrafikksikringsrådet FTR. ■ Fylkeskommunen skal vere ein aktiv pådrivar, og leggje til rette for utarbeiding av oppdaterte kommunale TS-planar.

Organisatoriske tiltak

- «Trafikksikker kommune»

Fylket vil stimulera kommunane til å forankra trafikktryggleiksarbeidet i kommunen si øvre leiing, arbeida sektoromfattande og utvikla gode rapporteringsrutinar med klår ansvarsfordeling.

3.6 Hordaland fylkeskommune sin regionale Transportplan 2013-2024

Regional transportplan (RTP) er ein plan som skildrar dei utfordringane Hordaland og regionen elles står ovanfor i tidsrommet 2013-2024. RTP dekker alle transportformer. Den legg til grunn fylkeskommunen sine prioriteringar som omhandlar klima- og miljøvenleg transport, trafikktryggleik, kollektivtransport, og trafikkplanlegging av g/s-anlegg osv. Planen byggjer på nasjonale føringar innan all samferdsel.

4 Ulykkesituasjonen 2010-2015


4.1 ANALYSE AV TRAFIKKULYKKENE

Ulykkesstatistikken er henta frå nasjonalt register for trafikkulykker, *Urap*, og denne oversikten over trafikkulykker er teken ut frå og med 2010 og til og med 2014, det vil sei ein femårsperiode.

Ser ein på ulykkestala, er det ei positiv utvikling då ulykkestala for Bømlo har gått jamt ned. Prosjektgruppa har vald ta med eit utval av statistikk og grafar.

Antall ulykker fordelt årstall

År	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
2010	12	25	0	1	24
2011	7	8	0	0	8
2012	8	11	0	1	10
2013	3	5	0	1	4
2014	6	7	0	1	6
Sum	36	56	0	4	52




Grafen viser gledeleg utvikling i tal ulykker, frå 12 ulykker i 2010 til 6 ulykker i 2014. Talet på hardt skada er likevel det same i femårsperioden bortsett frå 2011 der ingen vart hardt skada



Uhellskategori - skadegrad

Uhellskode hovedkategori	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Annet	1	1	0	1	0
Fotgj.ul	2	4	0	1	3
Kryssul.	6	9	0	0	9
Møteul.	13	26	0	1	25
Påkj.bakfra	2	2	0	1	1
Utforkj	12	14	0	0	14
Sum alle	36	56	0	4	52

Side | 12




Uhellskategori- skadegrad, grafen viser at det er møteulykker som er dominerande og deretter utforkjøringsulykker. I førre ts-plan var det utforkjøringsulykker som var høgast. Dette kan delvis forklarast med at det er sett opp meir autovern og betre skilting



Antall ulykker fordelt måned

Måned	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Januar	6	14	0	1	13
Februar	3	6	0	0	6
Mars	4	4	0	0	4
April	4	5	0	0	5
Mai	2	2	0	1	1
Juni	2	2	0	1	1
Juli	8	13	0	1	12
August	2	5	0	0	5
September	1	1	0	0	1
Oktober	2	2	0	0	2
November	1	1	0	0	1
Desember	1	1	0	0	1
Sum alle	36	56	0	4	52




Tal ulykker fordelt på måned viser at juli måned har registrert høgast ulykkesfrekvens, dette kan delvis forklarast med høgare trafikketal i denne måned. Samanlikna med landsgjennomsnittet, er det august måned som har høgast ulykkestal



Trafikantgruppe - skadegrad

Trafikantgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Bilfører	23	0	0	23
Bilpassasjer	18	0	1	17
Person lett MC	0	0	0	0
Person annen MC	2	0	0	2
Person moped	6	0	0	6
Person sykkel	3	0	1	2
Fotgjenger	3	0	1	2
Aker	0	0	0	0
Andre	1	0	1	0
Sum alle	56	0	4	52

Side | 14




Av grafen ovanfor ser ein at ingen bilfører er hardt skada. For landsgjennomsnittet er det bilfører som har flest hardt skada



Veg - skadegrad

Veg	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
0	2	2	0	0	2
FV10	1	1	0	0	1
FV12	4	10	0	0	10
FV15	3	3	0	0	3
FV19	1	1	0	0	1
FV23	1	1	0	0	1
FV541	6	9	0	0	9
FV542	15	24	0	4	20
KV1130	1	2	0	0	2
KV1193	1	2	0	0	2
KV1208	1	1	0	0	1
Sum alle	36	56	0	4	52

Side | 15



Sum

Antall ulykker/ enheter/ personer i utvalget som rapporten er basert på: 36 / 121464 / 148496


Grafen viser at det er Fv542 som har registrert ulykker med hardt skada. Fv 542 går frå Bømlobrua og til Svortland med parsell til Moster



Aldersgruppe - skadegrad

Aldersgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
0- 5	1	0	0	1
6- 9	1	0	0	1
10-14	6	0	1	5
15-17	8	0	0	8
18-20	6	0	0	6
21-24	3	0	0	3
25-34	2	0	0	2
35-44	13	0	1	12
45-54	6	0	0	6
55-59	4	0	1	3
60-64	2	0	0	2
65-69	1	0	1	0
70-74	0	0	0	0
75-79	1	0	0	1
80+	2	0	0	2
ukjent	0	0	0	0
Sum alle	56	0	4	52


Side | 16



Grafen viser fordeling aldersgruppe som vart hardt skada i femårsperioden. For landsgjennomsnittet er det aldersgruppa 25-34 år som har flest skadde.




Trafikkulykker pr kommune i Hordaland utanom Bergen 2010-2014




Grafen overfor er kun tal trafikkulykker registrert pr kommune i perioden 2010-2014

Trafikkulykker etter folketal pr kommune i Hordaland 2010-2014



Grafen viser registrerte trafikkulykker etter folketal og den viser at Bømlo kommune har låg trafikkulykkesfrekvens pr innbygger i forhold til andre kommunar i Hordaland.





4.2 Trafikkulykker og samfunnsøkonomiske kostnader

Dei ulykkeskostnader som i dag vert brukt er blant anna nytte-/kostnadsanalyse, er berekna av Transportøkonomisk institutt(TØI) og omfattar medisinske kostnader, produksjonsbortfall, materielle kostnader, administrative kostnader og verdisetting av velferdstap ved vegtrafikkulykker.

Kostnadane ved vegtrafikkskadar er i 2014- prisar, rekna pr. person og vist nedanfor. Kostnadstala for personskeadar gjeld pr. politirapportert skada person. Ved berekning av kostnadane er det teke utgangspunkt i dei politirapporterte ulykkene.

Kostnadane er justert opp på grunn av underrapportering slik at einingskostnaden gjeld for alle skadar, både dei politirapporterte og dei som ikkje er rapportert.

Skadetilfelle	Kostnad i 2014- kr
Drepen	35 600 000,-
Svært alvorleg skada	26 830 000,-
Alvorleg skada	9 520 000,-
Lettare skada	720 000,-

Tabellen ovanfor viser svært høge kostnader for alle typar skadetilfelle og reduksjon av ulykker vil gje betydeleg innsparing for blant anna Bømlo kommune. I tillegg kjem det menneskelege aspektet med redusert livskvalitet for dei som vert skada.

5 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Trafikksikker kommune er eit nyare omgrep for å kunna arbeida meir systematisk for trafikktryggleik og tryggare lokalmiljø. Kommunen er som vegeigar og aktør for å førebygga trafikkulykker, barnehagar, skular, som arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivsel.

For å lukkast må alle kommunens einingar involverast i arbeidet og den enkelte einingsleiar ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga.

Trygg Trafikk har utarbeida kriterie for ein trafikksikker kommune. I løpet av perioden 2014-2017 vil dei fleste fylkeskommunar legga konseptet «trafikksikker kommune» til grunn når kommunane vert stimulert til å arbeida systematisk med trafikktryggleiken. Fleire fylke legg allereie i dag lagt desse kriterie til grunn for ein godkjeningsordning som igjen utløyser fylkeskommunale midlar.

Å verta godkjent som trafikksikker kommune betyr ikkje at trafikkulykker ikkje vil skje, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt og målretta heilskapleg arbeid med trafikktryggleiken.



Kriterie for **TRAFIKKSIKKER KOMMUNE**

- ✓ Kommune har forankra ansvaret for trafikktryggleiksarbeidet hjå ordførar og rådmann. Delansvaret kan ligga hjå den einskilde einingsleiar.
- ✓ Kommunen har eit utval med ansvar for trafikktryggleiken.
- ✓ Kommunen har innarbeida trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunen sin regi, og ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Kommunen skal ha oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- ✓ Kommunen har ein trafikksikringsplan som er forankra i fylke sin trafikksikringsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Planen ivaretar både haldningsarbeidet/trafikanretta- og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har innarbeida kriterie/sjekklistar for kommunen sin sektor (HR, barnehage, skule, kultur, helse og veg).
- ✓ Kommunen påverkar lag og foreiningar til å innarbeida reglar for trafikktryggleik i si verksemd.

Kriteria ovanfor er i utgangspunktet for kommunen si øvre leiing, ordførar og rådmann. Dei punktwise kriterie skal førast vidare nedover i kommunen sin administrasjon, teknisk eining, skule, barnehage, helse- og omsorgseining osv.



Kriterie for TRAFIKKSIKKER SKULE

Trafikktryggleik i skulen generelt

- ✓ *Skulen har ein plan for å ivareta elevane sin tryggleik til og frå skulen, anten om dei sykklar eller vert kjørt.*
- ✓ *Skulen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulens regi.*
- ✓ *Skulen har gode rutinar for at planane vert fylgd av dei tilsette og har ein trafikkansvarleg lærar.*



Kriterie for TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

Trafikktryggleik i barnehagen generelt

- ✓ *Trafikkopplæringa vert integrert som ein del av barnehagen si omsorg- og opplæringsarbeid og vert nedfelt i barnehagen sin årsplan.*
- ✓ *Det skal stillast krav til busselskap og drosjar om belte og trafikkikker åtferd ved kjøp av transporttenester.*
- ✓ *Tilsette kjenner rutinar for handtering av utilsikta faresituasjonar og hendingar på turar.*
- ✓ *Barnehagen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller buss.*

Trafikkopplæring i barnehagen

- ✓ *Barna lærer enkle trafikkreglar for fotgjengar.*
- ✓ *Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks.*

Samarbeid mellom barnehagen og heimen

- ✓ *Rutinar for å ivareta barn sin tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass.*
- ✓ *Stiller krav til foreldre om å sikra barn på veg til og frå barnehage.*
- ✓ *Trafikktryggleiken og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøte.*
- ✓ *Foreldre involverast i barnehagen sitt trafikktryggleiksarbeid.*



Kriterie for **TEKNISK EINING**

- ✓ *Teknisk etat har ansvaret for kommunen si drift og vedlikehald av kommunen sine vegar og har innarbeida rutinar slik at trafikktryggleiken i størst mogeleg grad vert ivareteken.*
- ✓ *Teknisk etat planlegg og gjennomfører dei fysiske trafikktryggleikstiltak som er prioritert innanfor kommunen sine økonomiske rårer.*

Kriterie for **HELSE- OG OMSORGSEINING, FOLKEHELSE-KOORDINATOR, HMS-ANSVARLEG**

- ✓ *Etaten har oversikt over helsetilstanden i kommunen og tiltak for å førebygga ulykker (her og trafikkulykker).*
- ✓ *Fremjar folkehelse, spreie opplysning og gje råd om kva innbyggjarane sjølv gjer for å førebygga skadar.*

Kriterie for **KULTUREINING**

- ✓ *Legga til rette for fritidsaktivitetar for alle innbyggjarar.*
- ✓ *Ha oversikt over kommunens frivillige lag og organisasjonar.*
- ✓ *Stimulera og forsterka det frivillige trafikktryggleiksarbeidet.*

På nettsida www.traffiksikkerkommune.no finn ein meir informasjon om kriteria og fleire gode eksempel

Det er også utarbeida sjekklister for kommunen sin organisasjon, ordførar, rådmann, helse og omsorg, teknisk etat og skular og barnehagar.

<http://www.trygqtrafikk.no/>



6 Mål og strategi for trafikktryggleiksarbeidet i Bømlo kommune

6.1 Målsetting

I perioden 2016-2020 har ein som målsetting at ingen skal verta hardt skada eller drepen i trafikken i Bømlo kommune. Utifrå ulykkesstatistikk for Bømlo kommune og heile landet elles, er dette ambisiøst, men med eit målretta trafikktryggleiksarbeid er dette ikkje umogeleg.

Side | 23

6.2 Strategi

I Nasjonal Tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg, er det sett opp ei rekkje tilstandsmål formulert som måltall. For å nå desse måla må det i verksettast tiltak.

Kommunen skal arbeida aktivt for å bidra til at ein oppnår desse tilstandsmåla. Dette gjeld fyrst og fremst på følgjande område:

- *Auka del som brukar bilbelte, refleks, bakovervendt barnesikring (barnestol) og bruk av sykkelhjelm.*
- *Redusera talet på bilistar som overskrid fartsgrensa.*
- *Arbeida målretta for at fleire går og sykklar til skulen.*
- *Alle skular er godkjente som trafikksikker skule.*
- *Alle barnehagar er godkjente som trafikksikre barnehagar.*
- *Bømlo kommune godkjent som trafikksikker kommune.*

7 VEGSYSTEM, VEGEIGAR OG UTFORDRINGAR I BØMLO KOMMUNE

Bømlo kommune har tidlegare hatt ein heller låg standard på vegnettet, men etter at Trekantsambandet var ferdig i 2001, har det vore ei heller storstila utbygging av vegnettet då ein starta opp med Bømlopakken. Arbeidet med Bømlopakken har fram til i dag fått utført mange kilometer ny fylkesveg og det er framleis stor aktivitet med vidare utbygging.

Det kommunale vegnettet har framleis låg standard og område ikring skulane har behov for meir trafikkisikring. Likeins er det mange busstopp som ikkje har tilfredstillande busslommer og belysning. Tiltakslista i del 3 har prioritert fleire tiltak både ved skular, barnehagar og andre tiltak for gåande og syklende.

På det fylkeskommunale vegnettet i Bømlo er det framleis vegstrekker som er klassifisert som trafikkfarlege skulevegar. Til dømes FV 23 og FV 541 med fleire som treng opprusting. Dei fleste nye vegane vert no bygd med g/s-veg og dette er positivt. Opprusting av desse vegane ligg ein del år fram i tid.

Nokre kommunale vegar er og klassifisert som trafikkfarlege skulevegar og desse vegane har også behov for opprusting. Viser til *tabell 2 i del 3*, klassifisering skulevegar.



8 Tiltak

8.1 Bømlo som trafikksikker kommune

8.1.1 Bømlo kommune og barnehagane

- *Innan utgangen av 2016 skal alle dei private barnehagane tilfredsstilla kriteria for «Trafikksikker barnehage».*
- *Innan utgangen av 2016 skal kommunen medverka til at private barnehagar tilfredsstiller kriteria for «Trafikksikker barnehage».*
- *Alle barnehagar skal minimum kvart år ha tilsette på kompetansehevingskurs i regi av Trygg Trafikk.*

8.1.2 Bømlo kommune sin rolle som skuleigar

- *Alle skular skal innan utgangen av 2016, tilfredsstilla kriteria for «Trafikksikker skule».*
- *Det skal utviklast rutinar for sikker skuleskyss/bussvet og det skal etablerast ein dialog om innføring av desse rutinane i alle skulebussane.*
- *For å sikra størst mogeleg tryggleik rundt skulane ved skulestart om hausten, innfører ein «Aksjon skulestart» som eit fast tiltak ved alle skular med elevar på barnetrinnet. Det skal utviklast eit eige dokument for dette tiltaket.*
- *Alle skular med elevar på mellomtrinnet skal ha lærarar med kompetanse innan sykkelopplæring. Lærarane skal ha delteke på kommunens sykkelopplæringskurs som vert utlyst 1 gong pr. år ilag med Trygg Trafikk. Ein eigen rulleringsplan for dette skal vera ferdig til skuleåret 2016/2017.*
- *Kommunen skal sørge for at alle ungdomskulane har naudsynleg kompetanse for å tilby valfaget trafikk på ungdomstrinnet.*



8.1.3 Bømlo kommune som ansvarleg for innbygarane si helse og trivsel

Side | 25

- *Alle helsestasjonane og familiesenter skal innan utgangen av 2016 ha tilsette som har gjennomgått trafikktryggleikskurs. Kursa arrangerast av kommunen i samarbeid med Trygg Trafikk. Kursa skal gje kompetanse i sikring av barn i bil samt foreldre som rollemodellar.*
- *Kommunens frivillige organisasjonar skal årleg stimulerast til å implementera reisepolicy i eigen verksemd knytt opp mot kommunen sin kulturstøtteordning.*
- *Kommunen skal fortløpande senda ut informasjon om fylkeskommunale tilskotsordningar til relevante kommunale instansar samt frivillige organisasjonar.*
- *Kommunen utarbeidar årleg ein oversikt over trafikkulykker og trafikkskadde i kommunen. Oversikten skal gjennomgåast i kommunen si leiargruppe.*
- *Folkehelselova § 5 seier at kommunen skal ha nødvendig oversikt som identifiserer folkehelse-utfordringane. Forskrift om oversikt § 5 seier at kommunen skal utarbeida eit oversiktsdokument kvart 4 år. Data frå oversiktsdokumentet vert nytta i trafikksikringsarbeidet.*

8.1.4 Bømlo kommune som vegeigar

Kommunen skal:

- *Årleg utarbeida prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunal veg og gjennomføra desse innanfor eksisterande økonomiske rårmer.*
- *Årleg rullering av prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak på fylkesvegar og kommunale vegar.*
- *Ha utarbeida skriftlege rutinar for snøbrøyting/ snørydding /rydding av vegetasjon langs skulevegar.*
- *Ha rutinar for å kvalitetssikra reguleringsplanar i forhold til trafikktryggleiken.*
- *Ha rutinar for kvalitetssikring av trafikktryggleiken i samband med anleggsarbeid både i kommunal og privat regi.*
- *Ha rutinar for handsaming av innspel frå kommunale einingar, organisasjonar eller publikum.*
- *Ha oversikt over og eventuelt søkja om fylkeskommunale trafikktryggleiksmidlar.*



8.1.5 Bømlo kommune som arbeidsgjevar

Kommunen skal

- Innan utgangen av 2016 ha utvikla og vedteke retningslinjer for arbeidsreiser for alle kommunalt tilsette og politikarar.
- Innan utgangen av 2016 ha implementert / forankra retningslinjer for arbeidsreiser i alle kommunen sine avdelingar.
- Innan utgangen av planperioden ha gjennomført kjørekurs for alle tilsette som er avhengig av å kjøra bil for å utøva sine arbeidsoppgåver.
- Kwart år på den nasjonale refleksdagen (oktober) påverka kommunen sine tilsette til å nytta refleks som fotgjengarar i mørket gjennom ulike aktivitetar.
- Kwart år gjennomføra aktivitetar som skal stimulera fleire til å sykla, samt å bruka sykkelhjelm.
- Innan utgangen av planperioden skal alle kjøretøy som kommunen kjøper ha alkoholås.
- Kommunens HR- avdeling har ansvaret for å utarbeida eigen plan for kompetanseheving innanfor temaet trafikktryggleik.

8.2.1 Kompetanseheving

- Det skal årleg gjennomførast kurs i livreddande fyrstehjelp, skadestadsbehandling m.m for tilsette i kommunen.
 - Det skal gjennomførast relevante kurs for barnehagetilsette, lærarar og helsepersonell etter ein oppsett plan (JF 8.1.1, 8.1.2 og 8.1.3)
 - Kommunen skal årleg gjennomføra ein konferanse med trafikktryggleik som overordna tema. Kurset skal primært tilbydast dei tilsette i kommunen samt relevante samarbeidspartnarar.
-



9 Økonomi

Økonomien er ein viktig faktor for at Bømlo kommune skal lukkast med sitt trafikktryggleiksarbeid. Konseptet «trafikksikker kommune» krev meir innsats frå alle ledd i kommuneleiinga og dette inneber at kommunen lyt setta av meir midlar til trafikktryggleiksarbeidet.

Kommunen legg opp til årlege løyvingar på kr 1,5 mill. kr. I tillegg vil kommunen søkja på tilgjengelege midlar frå fylkeskommunen og andre private for å finansiera tiltaka i planen.

I følgje Nasjonal Tiltaksplan for trafikk sikkerhet på veg 2014-2017, har Hordaland fylke avsett 16 mill. kroner til trafikantretta trafikktryggingstiltak i perioden. Av desse midlane er det avsett 3,2 mill. kroner til trafikantretta og haldningsskapande tiltak til kommunar, skular, barnehagar, lag og organisasjonar i fylket.

Ei godkjenning som trafikksikker kommune, vil stimulera til auka tildeling av fylkeskommunale midlar.

10 Evaluering

Føremålet med «trafikksikker kommune» er fyrst og fremst for å styrka det kommunale trafikksikringsarbeidet. Jamfør *Nasjonaltiltaksplan for trafikk sikkerhet på veg 2014-2017*, er det ambisjon om å auka talet på «trafikksikker kommune» i alle landets fylke. Ordninga er eit verktøy for å etablera eit sektoromfattande trafikksikringsarbeid. For kommunane vert det ein ny måte å arbeida med trafikksikringa på.

Alle i kommuneleiinga må bidra med sitt, alt frå ordførar, rådmann, einingsleiarar, helse og omsorg, skule og barnhageansvarlege leiarar. Kriteria for trafikksikker kommune bygger på gjeldande lover og forskrifter.

Ordninga er eit viktig ledd i arbeidet med å nå måla i *Nasjonaltiltaksplan for trafikk sikkerhet på veg 2014-2017*, samt *Handlingsprogram for trafikksikring i Hordaland*. For tida er det no fleire kommunar i landets fylke som arbeider med å verta sertifisert som trafikksikker kommune.

Dersom konseptet med «trafikksikker kommune» skal fungera, tilrår ein folkehelseforumet i kommuneadministrasjonen til å fylgja opp ts-planen. Det er utarbeida sjekklister for kvar einiskild eining i kommunen. Dette gjeld barnehagar, skular, helse og omsorgseininga og alle andre kommunale einingar.

Ser ein på ulykkesstatistikken i perioden 2010-2014 viser den ei gledeleg utvikling. Nedgangen i ulykkestala viser om lag same trend som landet elles. Eit heilskapleg trafikksikringsarbeid med den nye ts-planen som verktøy, er det grunn til å tru at nedgangen i ulykkestala vil fortsetta i åra frametter.



www.trafikksikkerkommune.no

<http://www.tryggtrafikk.no/>



Del 2

Trafikantretta tiltak- og haldningsskapande tiltak



Forord Del 2

Haldningsskapande arbeid er eit viktig tema i ein trafikksikringsplan. Haldning og åtferd i trafikken er svært avgjerande for å nå måla i nullvisjonen.

Side | 30

Gode trafikale haldningar av kvar einskild trafikant, fotgjengar sykklist og bilfører, er med på å redusera ulykkestalet og ikkje minst redusera skadekonsekvensen ved ei eventuell ulykke. Det melder seg difor spørsmål om korleis vi skal påverka alle trafikantar til å visa trygg åtferd i trafikken.

Haldningsarbeid er eit komplekst tema i eit samansett perspektiv. Haldningsendring og læringsendring er difor to sider av same sak. Med haldningskampanjar og med læringsendring, kan vi påverka kvart einskilt individ, barn unge og vaksne til å visa trygg åtferd i trafikken. Gjennom eit systematisk arbeid med haldning- og læringskampanjar satt i system, vil det vera med på å redusera ulykkestalet på vegane i Bømlo kommune.

Denne ts-planen har satt opp forslag til haldningskampanjar, det strekkjer seg frå barnehagar, skular offentlege etatar og alle andre trafikantar og ein viser til planens hovuddelkapittel 8.

I kapittel 5 og 6 i planens hovuddel, er det gjort greie for eit systematisk styringssystem som omhandlar den administrative oppbygginga i kommunen av trafikktryggleiksarbeidet satt i system.

Innan den systematiske oppbygginga er det mange delmål med fleire tiltak og tema som kommunen i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, Trygg Trafikk, Statens vegvesen og Politiet med fleire, vil gjennomføra.





Med konseptet «Trafikksikker kommune» er Trygg Trafikk ein viktig medspelar i alt arbeid med kampanjar. Trygg Trafikk tilbyr mange kampanjetiltak som Bømlo kommune med sin trafikksikringsplan kan og skal gjera seg nytte av. Trygg Trafikk er ein leiande aktør for arbeidet med trafikktrygg oppvekst.





Det er sett opp fleire haldningsskapande og trafikantretta kampanjar i tillegg til dei som er med i hovuddelen og som Bømlo kommune skal gjennomføra med dei ulike aktørane som medspelarar, Trygg Trafikk, Statens vegvesen, Politiet med fleire i planperioden. Dei ulike kampanjar er i tråd med Nasjonale Trafikksikkerhetsplan og har som mål å verta gjennomført i planperioden 2016-2020. Kampanjane er foreslegne i tabelloppsett og er i tråd med kapittel 6 i planens hovuddel.

Merk at det kan settast i verk fleire typar kampanjar utover dei som er oppsett i tabellane nedanfor.



Trafikantretta tiltak 2015-2019				
Haldningsskapande tiltak				
Type kampanje		Medspelar/Aktør	Kategori	Kommentar
Fartskampanje	 Over fartsgrensen?	Politiet Statens vegvesen Trygg Trafikk	Kontrolltiltak Info tiltak	Fartskampanjar har god effekt mot overskriding fartsgrensa. Politiet utarbeider plan for slike fartskontrollar utifrå sine ressursar. Statens vegvesen og Trygg Trafikk gjennomfører infotiltak utifrå sine ressursar og årsplanar.
Bilbeltekampanje	 Husk bilbelte	Statens vegvesen Politiet Trygg Trafikk	Kontrolltiltak Infotiltak	Statens vegvesen gjennomfører bilbeltekontroll etter sin årsplan. Politiet har og kontrollar av bilbelte. Trygg Trafikk gjennomfører informasjonskampanjar om rett bruk av bilbelte
Refleksbruk kampanje		Trygg Trafikk Politiet	Info tiltak	Trygg Trafikk gjennomfører info om bruk av refleks
Del vegen kampanje	 Del veien	Statens vegvesen Trygg Trafikk	Info tiltak	Statens vegvesen gjennomfører informasjonskampanje etter sin årsplan. Trygg Trafikk samarbeider med Statens vegvesen om slike kampanjar



<p>Sykkelvett kampanje</p>		<p>Trygg Trafikk Statens vegvesen Politiet</p>	<p>Infotiltak</p>	<p>Samarbeidskampanje med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og Politiet</p>
<p>Hold Fokus kampanje</p>		<p>Trygg Trafikk Gjensidige</p>	<p>Infotiltak</p>	<p>«Hold Fokus» er retta mot uoppmerksomhet i trafikken og spesielt mot bruk av mobiltelefon under kjøring. Trygg Trafikk og Gjensidige gjennomfører slike kampanjar.</p>
<p>Sikring av barn i bil</p>		<p>Statens vegvesen Politiet Trygg Trafikk</p>	<p>Kontrolltiltak Infotiltak</p>	<p>Kampanje for rett sikring av barn i bil er eit samarbeid med Politi, Statens vegvesen og Trygg Trafikk.</p>

Bømlo kommune skal vera pådrivar for at kampanjane vert gjennomført i samrarbeid med dei ulike medspelarar/aktørar



Haldning og læringstiltak retta mot barn og unge			
Kriterie for trafiksikker barnehage og skule			
	Tema	Ansvarleg	Kommentar/informasjon/oppfylgning
Barnehage	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Barn får enkel opplæring i reglar for fotgjengarar. ✚ Barn lærer om ulike skilt. ✚ Trena barn i ulike situasjonar i trafikken. ✚ Barn lærer trygg åtfærd for kryssing av veg og gangfelt, ikkje kryssa vegen før bilen har stansa. ✚ Barna lærer om refleksbruk, sykkelhjelm og bilbelte 	Barnehage styrar Barnehagens årsplan Barnehagekoordinator	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal ha gjennomført opplæring i tråd med årsplanen. • Barnehagen skal ha utarbeida retningslinjer for turar til fots, med bil/buss. • Det skal vera retningslinjer for tilsette og foreldre kor dei skal parkera bilar. • Barnehagen skal årleg ha om trafikktryggleik som tema på foreldremøte. • Barnehagen skal ha utarbeida rutinar for ulykkes handtering. • Barnehagens leiing skal ha kartlagt risikofaktorar ved barnehagens nærrområde, parkering, kryssingspunkt og belysning. <p><i>* Nemnde forhold skal først inn i sjekklister som skal rapporterast vidare til leiinga i Bømlo kommune.</i></p>
Barne- og ungdomsskule	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Lære om påbod sykkelhjelm. ✚ Lære om sykkelvett, sykkeltraining og teori. ✚ Lære om sykkelreglar. ✚ Lære om personleg verneutstyr, sykkelhjelm, refleks og bilbelte. ✚ Læring om sykkelreglar for gåande og syklistar, integrert del av undervisninga. 	Rektor og andre med delegert ansvar ved skulen	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeida rutinar for ulykkes handtering. • Skulen skal ha nedfelt retningslinjene i internkontrollsystemet. • Skulen skal årleg ha trafikktryggleik som tema på foreldremøte. • Skulen skal ha trafikkansvarleg lærar. • Skulens leiing skal ha kartlagt skulens nærrområde med omsyn til risiko faktorar, også parkering, kryssingspunkt, belysning, vegetasjon m.m. • Kartlegging og eventuelle forslag skal sendast til kommunen si leiargruppe. <p><i>*Det skal først sjekklister for pålagte tiltak og forhold som skal rapporterast vidare til leiinga i Bømlo kommune</i></p>

Alle barnehagar og skular skal sertifisera seg som «trafiksikker barnehage og trafiksikker skule JF kap. 5 i ts-planens hovuddel

Del 3

Oversikt fysiske tiltak



12.1 Innholdsliste tabellar:

Tabell 1 Kart over skular på Bømlo.....	37
Tabell 2 Klassifisering skulevegar.....	38
Tabell 3 Evaluering strakstiltak frå førre plan	39
Tabell 4 Evaluering langsiktige tiltak prioritert frå førre plan	43
Tabell 5 Evaluering langsiktige tiltak utan prioritering frå førre plan	45
Tabell 6 Oversikt innkomne innspel til planen	49
Tabell 7 Prioriterte strakstiltak.....	57
Tabell 8 Prioriterte langsiktige tiltak	60
Tabell 9 Oversikt tiltak merka andre forhold	61
Tabell 10 Skisse snuplass skulebuss på Nesse	62
Tabell 11 Skisse busslomme Hestavollen-Grunnavågen	63
Tabell 12 Skisse fortau frå Fv19-Rubbestadneset barneskule	64
Tabell 13 Skisse rekkverk Alvsvågkrysset	65
Tabell 14 Skisse fortau langs Fv14 Bekk-Svortland	66
Tabell 15 Skisse busslomme Høvringavikjo	67
Tabell 16 Skisse avkjøringsfelt Fv542 Gassasundet.....	68
Tabell 17 Skisse forlenging g/s-veg til gangfelt Kåso Fv541/Fv11	69
